

Kvar gjer vi av brøytesnøen?


Retningslinjer for handtering av forureina brøytesnø

Anette Heggøy, senioringeniør

Miljøavdelinga, seksjon for forureining



Statsforvaltaren i Vestland



21.12.2022




Korleis kan brøytesnø vere skadeleg for miljøet?



Foto: Anette Heggøy, Statsforvaltaren i Vestland

- Brøytesnø kan innehalde partiklar, mikroplast, sand, grus og avfall, tungmetall og andre miljøgifter
- Brøytesnø inneheld også avfall som kan bli spreidd avhengig av korleis snøen blir handtert
- Brøytesnø kan innehalde vegsalt som kan vere skadeleg ved dumping eller avrenning frå deponi til ferskvassresipientar.
- Dumping av brøytesnø kan medføre tilslamming av bunnen i vassførekomsten med partiklar og grus, av naturtypar i vassførekomstene



Aktuelt regelverk

Statsforvaltaren er miljøstyresmakt for forureina brøytesnø (jf. Rundskriv T-2012-3)

Relevante føresegner i forureiningslova:

§ 6 om kva som forstås med forureining

- Tilførsel av fast stoff, væske eller gass til luft, vann eller i grunnen som er eller kan være til skade eller ulempe for miljøet

§ 7 om plikt til å unngå forureining

- Ingen må ha, gjere eller sette i verk noko som kan medføre forureining utan at det er lovleg etter §§ 8 eller 9, eller tillatt etter vedtak i medhold av § 11.
- Når det er fare for forureining i strid med loven skal den ansvarlige for forurensningen sørge for tiltak for å hindre at den inntreir.

§ 28 om forbod mot forsøpling (kommunen er styresmakt)

- Ingen må tømme, etterlate, oppbevare eller transportere avfall slik at det kan virke skjemmende eller være til skade eller ulempe for miljøet

§ 8 om avgrensningar i plikta til å unngå forureiningar

- Forurensningar som ikke medfører nevneverdige skader eller ulemper kan finne sted uten tillatelse etter § 11

§ 11 om særskilt løyve til forureinande tiltak

- Forurensningsmyndigheten kan etter søknad gi tillatelse til virksomhet som kan medføre forurensning.



Hovedføringar for forureina brøytesnø

Dykkar dato: Dykkar ref:

Sjå mottakarliste

Saksbehandlar, innvalstelefon
Anette Heggøy, 5557 2305

Handtering av brøytesnø i Vestland fylke

Bakgrunn

I samband med snøfalla i Bergen vinteren 2020/21, har Statsforvaltaren i Vestland motteke spørsmål frå brøyteentreprenørar om oppdaterte retningslinjer for handtering av brøytesnø og deponering på land og i sjø.

I februar 2011 sendte Fylkesmannen i Hordaland ut eit informasjonsskriv med retningslinjer for handtering av brøytesnø og dumping av snø i Bergen. Miljødirektoratet har sidan den tid utarbeida nye retningslinjer for snøhandtering. Statsforvaltaren ønskjer med dette å orientere om oppdaterte retningslinjer for snøhandtering i Vestland fylke. Dette brevet erstattar retningslinjene i vårt brev av 2011.

Retningslinjer for handtering av snø

Forureining frå veg er ei viktig kjelde til forureining av sjø og vassdrag frå urbane område. Brøytesnø kan innehalde betydelege mengder partiklar, mikroplast, sand, grus og avfall, tungmetall og andre miljøgifter. Deponering og dumping av snø kan dermed representere ei fare for forureining av sjø og vassdrag og derfor krevje løyve frå statsforvaltaren.

I følgje nye retningslinjer frå Miljødirektoratet¹ er dumping av snø i sjø og vassdrag i utgangspunktet alltid søknadspliktig fordi faren for forureining og forsøpling er stor. Statsforvaltaren vil difor vera restriktiv med å gje løyve til dumping av snø i vassdrag og sjø.

Også mellomlagring og deponering av snø på land kan krevje løyve etter forureiningslova, dersom mellomlageret/deponiet representerer ein risiko for forureining. Ei miljørisikovurdering for det aktuelle området, vil vise om snøen medfører ei fare for forureining av nærliggande vassdrag, sjø eller grunnen. Dersom vurderinga visar at deponiet kan medføre fare for forureining er det krav om løyve etter forureiningslova § 11 frå Statsforvaltaren.

¹ <https://www.miljodirektoratet.no/myndigheter/forurensning/deponere-forurenset-overskuddssno/>

E-postadresse: Postadresse: Besøksadresse: Telefon: 57 64 30 00

Foto:

- Nytt **informasjonsskriv frå Statsforvaltaren** i februar 2021 med oppdaterte retningslinjer for handtering av brøytesnø
- Dersom den planlagte disponeringa (dumpinga eller deponeringa) medfører **fare for forureining så skal det søkast om løyve** etter forureiningslova
- **Dumping av snø i sjø og vassdrag** er i utgangspunktet søknadspliktig når snøen kjem frå tett befolka område, byar eller trafikkerte område fordi faren for forureining og forsøpling er stor.
- Også mellomlagring og **deponering på land** kan krevje løyve dersom deponeringa medfører fare for forureining
- **Snø som ikkje fører til nevneverdig forureining** treng ikkje løyve etter forureiningslova.
 - Lokal disponering av snø som er relativt fersk og som kjem frå område med lite trafikk, vil mest sannsynleg ikkje medføre fare for forureining. Slik disponering vil normalt ikkje trengje løyve.



Når er det fare for forureining, dvs. når er det krav om løyve?



Foto: Anette Heggøy. Statsforvaltaren i Vestland

- **Fare for forureining kan vurderast gjennom ei miljørisikovurdering av den planlagte snøhandteringa.**
- Opplysningar og vurderingar som er relevante i ei slik risikovurdering:
 - Kva veit vi om forureiningsgraden i snøen? Kor kjem snøen frå – trafikkerte område/sentrumsområder, eller mindre trafikkerte område?
 - Kor lenge har snøen blitt liggjande før den blir brøytta? Timar? Dagar?
 - Kor store mengder snø er det snakk om? Og kor ofte er det slike mengder snø?
 - Kan nærliggjande vassdrag, sjøområde eller naturtypar bli negativt påverka av den planlagte snødumpinga/snødeponeringa?
 - Kan brukerinteresser bli berørt?
 - Finst det avbøtande tiltak som kan redusere faren for forureining (tett dekke,, oppsamling av overvann, renseløsningar som sandfang)?
- Dersom risikovurderinga konkluderer med fare for forureining vil dumpinga/deponeringa kreve et løyve etter forureiningslova



Forventningar til aktørar som driv med brøyting og snøhandtering



Foto:

- Ha **oversikt over den potensielle forureinings- og forsøplingsfaren** som brøytesnøen representerer
- Alle som driv omfattande brøyting og snøhandtering bør ha ein **plan** for korleis brøytesnøen skal handterast.
- Utføre **miljøriskovurderingar** for lokasjonar som er aktuelle for deponering eller dumping av snø.
- Søke om **løyve** etter forureiningslova for lokalitetar der det er fare for forureining **i god tid** før neste vintersesong.
- Vurdere differensiering i handtering av forureina snø og reinare snø i planen før snøhandteringa.

Lenke til ressurser:

Statsforvaltaren i Vestland:

- Om brøytesnø:

<https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/miljo-og-klima/forureining/handtering-av-broytesno2/>

- Om søknad om løyve etter forureiningslova

<https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/miljo-og-klima/forureining/landbasert-industri---soknad-om-loyve-til-landbasert-industri/>

Miljødirektoratet:

- Rettleiar om forureina brøytesnø:

<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/forurensning/Haandtere-sno-broyting/>



Statsforvaltaren i Vestland



21.12.2022



Når er det krav om løyve?

Miljødirektoratet har satt opp ei liste med kriterier som kan vere til hjelp i vurderinga om deponering eller dumping frå brøyting krev løyve etter forureiningslova. Her står det at:

...deponering eller dumping av snø frå brøyting krev løyve dersom alle tre kriteria under gjeld:

- 1. Snøen kjem frå fleire område*
- 2. Snøen kjem frå stadar der det er forventat at snøen kan vera forureina*
- 3. Det aktuelle snødeponiet skal brukast til å deponere snø over fleire år av for eksempel kommunen eller andre store aktørar*



Retningslinjer for snødeponi



Foto: Statsforvaltaren i Nordland

- Plassering må ta omsyn til risiko for skadeverknader på naturverdier og vassdrag
 - Må plasserast slik at det ikkje skjer avrenning til ferskvassførekomster
- Ved plassering nær sårbare naturverdier og/eller vassdrag kan det vere behov for avbøtende tiltak
 - tett dekke,
 - oppsamling og reinsing av smeltevatn,
 - tiltak for å sikre at avfall ikkje spres frå deponiet
- Plassering må ta omsyn til brukerinteresser, eventuelle støy og trafikkulempes
- Avsetting av området må avklarast etter plan og bygningslova